



NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Team klima, miljø og internasjonalt arbeid

Vår dato: 20.05.2025
Deres dato: 26.03.2025
Vår referanse: 25/08443-2
Deres referanse: 202312434-3
Vår saksbehandlar: Katrine Furu Dyvart

Svar - Høring - forespørsel om vurdering av konsesjonsplikt for rehabilitering og utviding av Oterholtfoss kraftverk - Skiensvassdratet - Midt-Telemark kommune

Viser til brev om vurdering av konsesjonsplikt oversendt Telemark fylkeskommune 26.03.2025.

NVE har fått ein førespurnad frå Telemark Energi AS om ei førehandvurdering av om rehabilitering og utviding av Oterholtfossen kraftverk er konsesjonspliktig etter vassressurslova. Oterholtfossen kraftverk er i Bøelva i Midt-Telemark kommune og vart sett i drift i 1932. Kraftverket nyttar eit fall på 22 meter. Dagens inntakskanal og avløpskanal er planlagt rehabilitert og det blir søkt om å auka slukeevne frå 5 m³/s til 7 m³/s. Oterholtfoss Kraftverk får ein installert effekt på 1,3 MW og kraftproduksjonen i det nye kraftverket blir 10,9 GWh i eit gjennomsnittså. Dagens slipp av minstevassføring på ca. 2,0 m³/s heile året, blir auka til 2,6 m³/s. Gjennomsnittleg vassutnytting i Oterholtfossen vil auke frå dagens 14,4 % til 28,1%.

Fylkeskommunen har vorte beden om å vurdere om kjende allmenne interesser kan bli påverka av tiltaket og i tillegg vurdere tiltaket opp mot sektorlovverket vårt.

Omsyn til automatisk freda kulturminne

Vi kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Vi vurderer det òg som mindre sannsynleg at ikkje kjente, automatisk freda kulturminne er bevart i det aktuelle området, og har difor ingen merknader til tiltaket. Dersom tiltaksområde vart endra må dette sendast inn til Telemark fylkeskommune for ein ny vurdering.

Me visar likevel til tidlegare søknadar, der tiltakshavar har søkt om tiltak i forbindelse med utviding og bygging av nytt kraftverk på Oterholt, der har me satt krav til §9 undersøking etter kulturminnelova. Difor er det nødvendig å sende eventuelle planendringar til Telemark fylkeskommune for ein ny vurdering dersom dette går utover gjeldande plangrense.

Vi vil likevel gjere merksam på *meldeplikta* etter kulturminnelova § 8 andre ledd. Meldeplikta oppstår når det vert oppdaga automatisk freda kulturminne som ikkje var kjente på førehand. Føresegna legg eit klart ansvar på tiltakshavar om å følgje stanse- og meldeplikta. Tiltakshavar

skal forsikra seg om at dei som utfører arbeidet på staden er kjent med stanse- og meldeplikta, men det er tiltakshavar sjølv som står ansvarleg for at freda kulturminne ikkje vert skadd. Telemark fylkeskommune er rette adressat for ei eventuell melding.

Nyare tids kulturminne

Innanfor planområdet er ikkje kjende nyare tids kulturminne som er freda. Oterholtfoss kraftverk, med røyrgate i tre, er eit svært unikt kulturminne med høg kulturhistorisk verdi. Sjølv om det ikkje er freda, eller vurderer til å ha nasjonal verdi, er det likevel vært verdifullt og viktig å ivareta. Det er veldig positivt at kraftverket, og røyrgata ikkje er tenkt fjerna, og at kulturmiljøet omkring blir tatt omsyn til. Vi vil likevel oppmode til å oppretthalde drift på anlegget, dersom det er mogleg. Da drift ofte er viktig for å hindre forfall, både på teknisk utstyr, røyrgate og bygningsmasse.

Vassforvaltning

Skien vassdraget har eit stort potensial for artar som laks, aure og ål, men dette føreset at fisk kjem seg forbi eksisterande kraftverk i vassdraget. Tilstand i Bøelva (ID: 016-2408-R) god økologisk tilstand og denne skal dermed vernast mot degradering, forbetrast og gjenopprettast jf. vassforskrifta § 4. Tilstand er sat på bakgrunn av tilstand på botndyr og fysisk-kjemiske kvalitetselementa. Kvalitetselementa fisk og hydromorfologi er ikkje registrert i vass-nett, men er av vårt syn relevante i saka sidan laks er observert ovanfor Oterholtfossen og demninga til kraftverket, terskel, inntak og utløp påverkar hydromorfologien. Vi ser det som viktig at opprusting og utviding ikkje forverrar forholda i elva, men at planane kan bidra til forbetring som gitt av vassforskrifta § 4.

Vassførekomsten er registrert med fleire kjende påverkingar og det ligg eit tiltak (ID: 5102-883-M) i vass-nett som skal auke kunnskapen om behovet for habitat tiltak. Dette tiltaket er ikkje, så vidt vi kan sjå, vurdert av Miljødirektoratet endå. Frå oversende dokument kjem det fram at «I Bøelva vil eksisterande terskel bli forbetra. Slepp av minstevassføring i hovudelva på 2 m³/s vil skje i eit 7 meter breitt og 30 cm høgt spor på vestsida av dammen.» Vi stiller spørsmålsteikn ved kvifor denne terskelen og vassføringa her ikkje kjem tydelegare fram i beskrivinga av tiltaket og figuren i vedlegg 2.

Viss vedtak fattast om at kraftverket ikkje treng konsesjon etter vassressurslova skal saka behandlast etter plan- og bygningslova. Tiltak i eller ved vassdrag som kan vere negativt for fisk eller andre ferskvassorganismar er regulerte gjennom forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, heimla i lakse- og innlandsfisklova. Slike tiltak er søknadspliktig, jf. forskriftas § 2. Statsforvaltaren er styresmakt etter denne forskrifta, i vassdrag som fører anadrom laksefisk eller som har sårbare eller trua ferskvassartar. På strekningar som fører andre artar innlandsfisk er Fylkeskommunen styresmakt. Ved ei eventuell saksbehandling etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag vil Fylkeskommunen og Statsforvaltaren måtte vurdere om dei skisserte tiltaka er i tråd med § 12 i vassforskrifta og §§ 8-12 naturmangfaldlova. Desse same paragrafane vil vurderast i ein eventuell konsesjonsprosess, men ikkje nødvendigvis no i ei konsesjonspliktavurdering slik vi har forstått det. Dette er kjent, men vi vil likevel minne om at formålet med vassforskrifta er å gi rammer for fastsetjing av miljømål som skal sikre eit mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av

vassførekomstane. Målet er at alle vassførekomstar skal vernast mot degradering, blir forbetra og gjenoppretta med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand.

Fylkeskommunen meiner NVE må vurdere omsynet til vassforskrifta og § 12 på dette nivået i saksbehandlinga, fordi eit vedtak om konsesjonsplikt/konsesjonsfritak påverkar kva for nokre mildnande tiltak som er mogleg å innføre, jf. vilkår a i Vassforskrifta § 12. Vi meiner at konsesjonsbehandling etter vassressurslova er nødvendig for å oppfylle vilkåra til ny aktivitet, då det er her tekniske løysingar og storleiken på minstevassføringa kan sjåast opp mot samfunnsnytta og eventuelt tap av miljøkvalitet. Ved ein konsesjonsprosess vil kraftverket og få moderne forvaltningsvilkår, noko vi reknar som positivt. Vidare meiner vi vassressurslova byr på ei meir heilskapleg tilnærming som kan vurdere dei samla verknadene av kraftverka. Denne heilskapstilnærminga er avgjerande for langsiktig berekraftig vassforvaltning der kraftutbyggingar i same vassdrag sest i samanheng.

På grunn av utnyttinga til vassdraget til kraftproduksjon og vassdraget sitt potensiale for naturmangfaldet, og dessutan av omsyn til miljømålet og heilskapleg vassforvaltning meiner fylkeskommunen det er ønskjeleg at kraftverk i vassdraget har konsesjon med moderne konsesjonsvilkår for å vareta allmenne interesser i levetida til kraftverket. Om det skulle vise seg at drifta av kraftverket er negativt for fiskestammane vil ein gjennom moderne naturforvaltningsvilkår ha ei større verktøykasse for å finne god løysingar som balanserer kraftproduksjon med naturtapet.

Konklusjon

Vi viser til innspela over og har ingen fleire merknader i saka.

Med helsing

Cathrine Nedberg
Teamleiar
Seksjon klima, næring og innovasjon

Lotte Thommesen
Rådgivar
Seksjon klima, næring og innovasjon

lotte.thommesen@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.